

Selvpresentasjon for kandidater til ny biskop i Hamar bispedømme

Margunn Sandal

1. Gi en kort beskrivelse av deg selv.

Eg vaks opp på Osterøy utanfor Bergen. Flytta til Oslo i 1983 for å studere teologi og vart ordinert til prest i 1992. Har arbeidserfaring frå skule- og helsesektor, frå ulike plan i kyrkja, frå frivillige organisasjonar og akademien.

Er mor til Theodor, Valdemar og August og gift med Raag Rolfsen, prost i Sandefjord. Alt dette og meire til pregar den eg er. No er eg sokneprest i Frogner i Oslo, og eg trivest godt med det.

Eg er glad i menneske og naturen, stadar og bygg og kunst. Eg likar å søkje ny kunnskap og djupare innsikt, og eg er opptatt av å bygge gode fellesskap. Har alltid likt å arbeide og har stor arbeidskapasitet.

2. Hva er viktig og kjennetegner deg som teolog?

Eg ser på meg sjølv som ein folkekyrkjeteolog som står i ein kristen humanistisk tradisjon. Eg vil arbeide for at kyrkja skal vere til for alle som ønskjer det. Eg trur på samarbeid med alle gode krefter i lokalsamfunnet, storsamfunnet og internasjonalt.

Det som i særleg grad pregar meg som teolog er overtydinga om at stadar, bygg og kunst har stor betydning i og for kyrkja. Eg har arbeidd mykje med dette, og meiner det er viktig at kyrkja ser verdien av den materielle kulturarven og tenkjer over korleis den kan vere ein ressurs til glede for alle.

Eg plasserer meg elles i ein teologisk tradisjon som legg vekt på kva menneske sine erfaringar av Gud har å seie. Min visjon er at kyrkja skal vere ein stad der desse erfaringane kan kome til orde og til uttrykk, og bli tatt på alvor i heile sin breidde.

3. Hvilken ledererfaring har du og hvordan vil du karakterisere deg selv som leder?

Stillinga som generalsekretær i Norske kirkeakademier gav meg verdfull leiarerfaring nasjonalt og internasjonalt. Eg initierte og styrte fleire prosjekt og hadde ansvaret for drifta av organisasjonen. Eg har også lang erfaring frå styrearbeid i ulike samanhengar.

Det er likevel som sokneprest eg har kjent på det største leiaransvaret. Eg ser på dagleg leiar, leiar i soknerådet og sokneprest som ein leiartrio i kyrkjelyden, der eg har eg eit særleg kyrkjefagleg og åndeleg ansvar. Frogner er eit stort sokn, med 25.000 innbyggjarar, der litt over halvparten er medlemmer i Den norske kyrkja. Vi har drive sjukeheim, har eigen barnehage og driftar store eigedommar. Vi har fått eit godt team av frivillige som tar ansvar i sokneråd, kulturutval, diakoniutval, gudstenesteutval, økonomi- og eigedomsutval, og vi er stolte av det vi får til i fellesskap. Sjølv er eg godt nøgd med å ha medverka til dette.

Som leiar legg eg vekt på arbeide for eit godt samhald i ein stab der dei ulike tilsette arbeider med stort sjølvstende og fagleg tyngde på kvar sine felt. Eg også opptatt av å forstå kva som kan motivere til frivillig innsats i dag og å legge til rette for at folk får lyst til og glede av å medverke i kyrkjens arbeid.

4. Hvordan kan du i lederrollen som biskop være med å realisere Den norske kirkes visjon?

Ved formidle kyrkjens visjon gjennom liv og lære, og ved å bruke mi erfaring, min kunnskap og mine evner til å motivere og inspirere tilsette og frivillige slik at kyrkja best mogleg kan utføre sitt oppdrag til beste for einskildmenneske, fellesskapet og naturen.

5. Hva ser du som hovedutfordringer og muligheter i Den norske kirken i tiden fremover?

Det skjer vesentlege endringar i det religiøse landskapet i Noreg, og det stiller kyrkja overfor mange utfordringar. Eg meiner *Lov om tros- og livssynssamfunn* (trossamfunnsloven) frå 2020, gjev oss ei særleg utfordring. Korleis kan vi slutte opp om ei lik handsaming av trus- og livssynssamfunna og samstundes sørgje for at kyrkja held fram med å vere ei levande, landsdekkande og demokratisk evangelisk-luthersk folkekyrkje?

Eg trur kyrkjebygga våre, kunsten og musikken er ein ekstra ressurs for oss, som vi kan løfte fram og bruke medvite og med stor takksemd.

Det er elles ei stor utfordring å få involvert nye generasjonar i kyrkjas arbeid og å rekruttere nye medarbeidarar. Også i dette arbeidet har mange ressursar vi kan vere stolte av og som vi kan aktivere.

6. Hva vil du særlig legge vekt på i tjenesten som biskop og hva er kjernen i din forkynnelse?

Det viktigaste oppdraget til biskopen er å forkynne Guds nåde. Det er kjernen i prestekallet, og som biskop er du først og fremst prest. Dernest meiner eg at biskopen har eit særleg ansvar for å halde seg oppdatert i samfunnsutviklinga og i teologien, for at nåden skal kunna formulerast på nytt inn i vår samtid, i truskap mot det evangeliet kyrkja har fått overlevert.

Eg trur elles det er viktig at biskopen er aktivt lyttande og oppriktig interessert i stader og folk, kyrkjebygg, lokalkyrkjelydar og alt som skjer der. Slik kan biskopen vere med på å løfte fram det lokale, verdsette det og bringe det med inn i det store fellesskapet til glede for fleire.

7. Hva tenker du kan bli spesielt utfordrende for deg i rollen som biskop?

Eg vil ofte mykje, og eg kan komme til å arbeide for mykje. Det er ei utfordring eg deler med mange i kyrkja, og det er viktig å tenkje gjennom korleis både eg og mine medarbeidarar får påfyll.

8. Hva kan du med din kompetanse tilføre Hamar bispedømme og bispekollegiet?

Det eg kan først og fremst kan tilføre er fersk og solid kjennskap til å vere kyrkje på lokalplanet. Eg har jobba på fleire plan i kyrkja, og det å vere sokneprest har gjort meg overtydd om at kyrkjias viktigaste ressursar er og bør vere lokalt.

Eg har elles akademisk kompetanse, erfaring frå økumenisk og internasjonalt arbeid, frå nasjonalkyrkjeleg nivå og frå frivillig sektor. Arbeidet med Kulturmelding for Den norske kyrkja, Kulturarvstrategi for kyrkja og ei doktoravhandling om kyrkjebyggas betydning er også noko eg kan bringe med meg inn i bispedømmet og bispekollegiet.

9. Hvordan vil du være samlende og ivareta mangfoldet i bispedømmet?

Eg vil løfte fram dei lokale kyrkjelydane og støtte opp under dei. Det vil seie å synleggjere dei verdiane lokalkyrkja representerer med bygnader, kulturliv, menneskelege ressursar, og sist men ikkje minst, ved det arbeidet tilsette og frivillige utførere. Slik kan biskopen medverke til ei verdsetjing av mangfaldet i kyrkja. Samstundes har ho/han eit særleg ansvar for å formulere kva som bind kyrkja saman og gjer at vi framleis er éi kyrkje lokalt, nasjonalt og globalt.

Det er også viktig for meg å understreke verdien av det menneskeleg mangfaldet, slik at ingen verken i kyrkje eller samfunn skal oppleve truslar eller diskriminering på grunn av kjønn, seksuell orientering, kjønnsidentitet, eller etnisk bakgrunn til dømes.

10. Hva motiverer deg til å gå inn i tjenesten som biskop?

Det som motiverer meg er at eg er blitt foreslått. Eg trur også eg har noko vesentleg å bidra med. Men det har også mykje å seie at det er i Hamar.

Hamar er eit spanande bispedømme med eit rikt kulturliv og stolte tradisjonar. Kanskje er det slik at fleire rørsler som tidleg har fått fotfeste her, som til dømes folkehøgskulerørsla og den kristne humanistiske tradisjonen på Nansenskolen, kan ha medverka til at Hamar har blitt eit bispedømme med stor takhøgd. Fleire av biskopane i Hamar har sjølv gått i front for toleranse, nytenking og det folkelege, og dei har hatt eit kulturelt omland dei har kunna spele på lag med. Det gjer det freistande å bli biskop nettopp her. Eg har dessutan stor sans for Hamar bispedømmes visjon.

11. Hamar bispedømme er kjent som et typisk folkekirkebispedømme, med visjonen «Hellige rom for alminnelige liv». Hvilke tanker gjør du deg om visjonen og folkekirkebegrepet?

Å vere folkekyrkje er å vere kyrkje for alle som ønskjer det, og det er kyrkjjas oppdrag. Visjonen til Hamar bispedømme er svært god og eg sluttar meg heilt og fullt til den. Det er ein dynamikk mellom dei heilage romma rundt oss, i oss og mellom oss, og det alminnelege i livet, og denne dynamikken vil eg halde fast ved og gjerne utforske vidare. Den verdset både meir himmel og meir jord.